



Aukra kommune

Høringssvar - Forslag til endringer i barnehagelova og tilhørende forskrifter.

Visar til høyringsbrev datert 17.11.14 og høyringsnotat kor departementet foreslår følgjende endringar:

- Gi Fylkesmannen høve til å føre tilsyn med barnehagar.
- Presisering av barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering.
- Begrepet «barnehagelærar» erstattar begrepet «førskolelærar».

Barnebo barnehage har følgjande kommentarar til endringsforslaga:

Gi Fylkesmannen høve til å føre tilsyn med barnehagar:

Barnebo barnehage er godt nøgd med systemet for tilsyn med barnehagane i Aukra kommune. Det er utarbeidd ei kommunal plan som inneheld kriterier for innhald og plan for kor ofte tilsyn skal gjennomførast. Denne vert fulgt. Ein ser at gjennom tilsynet får kommunen større innsikt i og kompetanse om drifta av barnehagane. Ein ønskjer at kommunane sin heimel til å føre tilsyn vert vidareført.

Med bakgrunn i den kunnskapen departementet legg fram i høyringsnotatet, mellom anna frå Riksrevisjonen, vert vi bekymra for tilstanden, sjølv om det vert vist til at fleire og fleire kommunar utarbeider kriterier for tilsyn og fleire og fleire kommunar faktisk gjennomfører tilsyn.

For å sikre alle barn eit likeverdig og kvalitativt godt barnehagetilbod støttar Barnebo barnehage forslaget om at Fylkesmannen i særlege tilfeller kan føre tilsyn med barnehagar. Som uavhengig tilsynsorgan kan Fylkesmannen få tillit og legitimitet. Dette er likevel avhengig av at tilsynsmyndet har høg kompetanse på barnehageområdet. Det er ein føresetnad at dette vert fulgt opp og sikra.

Presisering av barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering.

Eg velger her å kommentere under kvar setning som er foreslått ny i lovteksten, i kursiv, for å gjere tilbakemeldingane til punktet meir oversiktleg.

«Barnehagens pedagogiske arbeid skal dokumenteres og vurderes for å sikre at tilbudet er tilrettelagt barnegruppen og det enkelte barn.»

Barnebo barnehage meiner at det er viktig for kvaliteten på tilbudet at barnehagen sitt pedagogiske arbeid vert dokumentert og vurdert. Vi ønskjer då å presisere det at dokumentasjon og kartlegging av barn berre skal brukast når det er nødvendig for å drive ein pedagogisk praksis i tråd med lov og rammeplan. Ikkje for kartlegginga si eiga skuld. Støttar difor at retten til å drive dette arbeidet vert flytta frå forskrift til lovtekst. Det er likevel nokre forhold innan dette som må presiserast.

I gjeldande rammeplan, del 3, er det presisert at «Den enkelte barnehage står fritt til å velje metodar og omfang ut frå lokale føresetnader og behov.» og at vurdering er ein del av den pedagogiske prosessen. Vidare står det at «Den pedagogiske leiaren skal planleggje, dokumentere og vurdere arbeidet i barnegruppa som han/ho har ansvaret for.» Det inneber, slik bestemminga er no, at den enkelte barnehage fritt til å velgje metodar, verkty og omfang av desse ut frå lokale forhold som det enkelte barn og gruppa sine behov. Dette ønskjer Barnebo barnehage vert vidareført som ei rett tolking av lovteksta. Det er då viktig at dette kjem med i ny forskrift til lova – i revidering av rammeplanen. Det vert ein logisk brist for oss at barnehageeigar skal kunne velje system, verkty og observasjonsmetodar i ein heilskapleg pedagogisk prosess som styrar og pedagogisk leiar er ansvarleg for å drive.

I høringsnotatet, s. 20, vert det beskrive at «En nærmere konkretisering og utdypning av omfang, metode og verktøy bør gjøres i den kommende revideringen av rammeplanens del 3.» Dette er ein trussel mot metodefridomen og tilpassing til lokale tilhøve som barnehagen ikkje ønskjer. Det er viktig at metodar, verkty og omfang av desse vert bestemt lokalt, av fagpersonalet som kjenner barna og dei lokale forholda. Det er desse som best kan utvikle tilbudet slik at det er tilrettelagt barnegruppa og det enkelte barnet. Medverknad frå foreldra og det øvrige personalet gjer og at det vil kome fram behov for tilpassingar til lokale forhold. Det skal sjølvstøtt vere kvalitetssikring gjennom styraren sitt ansvar for å setje i verk og leie arbeidet med planlegging, dokumentasjon og vurdering. Korleis ein lokalt arbeider med planlegging, dokumentasjon og vurdering vert nedfelt i årsplanen til den enkelte barnehage.

Rammeplan gir, som namnet tilseier, rammer eller retningslinjer for arbeidet med dokumentasjon og vurdering. Det er ikkje ønskeleg at rammeplanen skal innehalde krav om å arbeide etter konkrete metodar eller verkty. Dette vil vere i strid med høva barnehagane vil ha til å til passe til det enkelte barn, barnegruppa og lokale behov. Det er heller ikkje ønskeleg at det på barnehageeigarnivå skal kunne vedtakast bruk av metodar og verkty som skal gjelde alle barnehagar som den enkelte barnehage ikkje ser seg tent med å bruke.

Det er sjølvstøtt viktig at kommunen som barnehageeigar, som har det juridiske ansvaret, ser til at dei system, verkty og metodar som vert nytta i den enkelte kommunale barnehage er innanfor gjeldande regelverk. Denne funksjonen har kommunen som tilsynsmynde.

Det er viktig at det i lovteksten står både «barnegruppen og det enkelte barn», som det gjer i forslaget. Dette er viktig for å framheve at tilbudet skal leggjast til rette både for det

enkelte barnet sine behov, men og for gruppa sine behov. Det er i høringsnotatet mykje brukt begrep som «individuell tilrettelegging». I barnehagen er det enkelte barnet ein del av ei større eller mindre gruppe store delar av dagen. Å legge til rette for å kunne ivareta barnas behov for omsorg og leik og fremme læring og danning, vil difor vere å tilrettelegge for gode prosessar i gruppa.

Det er viktig at barnehagar har eit heilskapleg læringssyn på barn og at utgangspunkt for observasjon, dokumentasjon og vurdering er eit personale som er nyfrikne på barns kompetanse og ressursar.

«Barnehagen kan behandle de opplysninger som er nødvendige for å gi det enkelte barn tilrettelagt pedagogisk tilbud i tråd med barnehageloven og forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver (rammeplanen).»

Det er viktig at observasjonar av enkeltbarn og vurderingane av desse har eit behandlingsgrunnlag og at behandlingsgrunnlaget er «nødvendig for å gi det enkelte barn tilrettelagt pedagogisk tilbud». Kva dette vil innebære for det enkelte barn konkret, må vere informert til foreldra slik at det er i «samarbeid og forståelse med foreldra», som formålsparagrafen krev. Dersom barnehagen har eit godt og tett samarbeid med foreldra til det enkelte barn, vil observasjonar og vurderingar av desse kommuniserast mellom foreldre og barnehage på ein god måte. Det er viktig at det i ny rammeplan del 3, om planlegging, dokumentasjon og vurdering, vert gitt rammer for korleis dokumentasjon og vurdering skal gjerast i samarbeid med foreldra.

Retningsliner for korleis personopplysningar skal oppbevarast bør beskrivast i ny rammeplan dersom det er ønskje om tydeleggjering av bestemmingane i Personopplysningslova. Mellom anna korleis barnehagane bør ha rutiner for informasjonssikkerheit.

«Departementet fastsetter barnehagens innhold og oppgaver i forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver (rammeplanen).»

Ønskje om at gjeldande lovtekst vert vidareført som den er fordi gjeldande lovtekst tek inn i seg at rammeplanen skal gi *retningsliner for barnehagen sitt innhald og oppgåver*. I forslag til ny lovtekst skal *departementet fastsette barnehagens innhald og oppgåver*. Ein er her usikker på i kva grad det vert rom for lokale tilpassingar og metodefridom for styrar og barnehagelærar i den nye rammeplanen.

Begrepet «barnehagelærar» erstattar begrepet «førskolelærar».

Barnebo barnehage støttar forslaget om at begrepet «barnehagelærar» skal erstatte begrepet «førskolelærar». Begrepet fortel at ein har teke utdanning og er kvalifisert som lærar i barnehagen. Begrepet er teke i bruk i daglegtalet på barnehagen og barnehagelærarbegrepet er mellom anna teke i bruk i kommunen sin barnehageplan.

Aukra 19.01.15

Sissel Oliv Garseth
Styrar
Barnebo barnehage
Aukra kommune